

ARBEIDERPARTIETS HAVROMSPOLITIKK – FOR SYNS SKYLD?

MARITIM VERDISKAPING I VALGÅRET 2017

Magne Rommetveit, Stortingsrepresentant AP

Innlegg:

- Det er ei æra for meg å halda opningsforedraget på konferansen.
Det er eit flott og program som tek opp viktige emne i ei viktig tid
- Eg satsar derfor på å blir her begge dagane og få med meg alt det faglege, men ikkje minst også fordi at eg frå tidlegare treff har erfaring for at maritime folk også er sosiale folk.
- Eg har stussa litt ved at eg har fått den litt kritiske tittelen «Arbeiderpartiets havromspolitik for syns skyld?» ... mens statsrådene i morgon får snakka med undertittelen «Statsrådets visjoner».
- Altså - Eg tek det som eit kompliment til Arbeiderpartiet si styringsdyktigheit at me blir haldne ansvarlege og i taumane, men eg forventar då også at Monica Mæland og Ketil Solvik Olsen også blir utfordra når dei kjem her i morgon.
- Det er trass alt dei som sit med makta , og som har klare ambisjonar om å fortsetja med det, også etter stortingsvalet til hausten.
- Og dei har en del å svara for:

- Det er utfordrande tider. I verdiskapingsanalysen kan me lesa at "1 av 10 arbeidsplassar har blitt borte i den maritime næringa"
 - I møte med arbeidsløysa og krisa har Høgre og FrP i regjering gjort for lite – og det dei har gjort av grep, det kom for seint.
 - Permitteringsregelverket tok for lang tid å få på plass
 - Tiltakspakkane har vore for små – bare for i år er vår tiltakspakke på 1 milliard meir, og den er meir målretta mot dei områda som er mest råka.
 - Men også når det gjeld kysten, har dei gjort for lite – og det som har kome har også her kome seint:
 - Havstrategi skal koma i løpet av våren. Det er som så mykje anna; rett før valet, og ein rekk ikkje då å sjå endringar før perioden er over.
 - Høgre/FrP-regjeringa har snakka mykje om omstilling, men det er ikkje alltid lett å få auga på politikken.
- Deira politikk er halvhjarta, mens vår havromspolitikkk – den skal eg lova er heilhjarta.

Sjølv om det her eigentleg dreiar seg o saltvatn, så har me dratt på litt og kalt det Havromet – eit nytt kapittel i historia om Norge.

- Det er fordi historia om Norge kunne vore skriven gjennom kapitlar om havet – frå vikingane si evne til å kryssa hava – til fiskeria sin betydning for kystsamfunn – fram til vår moderne tid med fiskeri, havbruk, olje og gass.
- Me forvaltar eit havareal som er 6 gonger så stort som landarealet - me har verdsleiande kompetanse- og

kunnskapsmiljø; men me veit samtidig meir om overflata på månen enn me veit om havbotnen.

- Det er som då eg gjekk på barneskulen på Bryne; eg lærte og visste mykje om geografien i Jødeland, men eg visste ikkje kor Nærbø og Klepp og Sandnes var.
- Derfor har me sagt – at ei strategisk satsing på havromet bør vera den neste store satsinga som ei norsk regjering bør løfta.
- Dette er ei satsing som vil krevja tydeleg politisk leiing, og Jonas har sagt at det i ein første omgang skal leiast av statsministeren – slik at me kan sjå politikkområder som gjeld for havet i samheng med kvarandre. For me må ikkje sjå på maritime strategiar, olje- og gassutvinning, sjømatmelding og andre politikkdokument fragmentert og i silo- men som ein heilskap, og med ein klar retning og strategi.
- Målet for vår havromspolitik er å auka verdiskapinga, trygge arbeidsplassar – og skapa nye arbeidsplassar – og sikra at det skjer på ein bærekraftig måte. Samspelet er avgjerande for at me skal lukkast med både å auka bærekrafta og at me skal lukkast med å auka verdiskapinga.
- OECD har berekna at verdiskapinga frå havet skal doblast fram mot 2030 og det er mogleg å femdobra eksportverdien av sjømat fram mot same årstal.
- Perspektivet og muligheitane er større en nokon gong:
 -
 - Oppdrettsanlegg langt ut til havs – der me aldri tidlegare kunne sett det for oss
 - Produksjon av tang, tare, andre artar og restråstoff til fôr, medisinar og mat
 - Uttak av mineralar fra havbotnen

- Vindmølleparkar til havs – og andre måtar å hausta den fornybare energien som er i havet.
 - Utforsking av organismar på dei verkeleg store havdjupa
- Framtidas arbeidsplassar står på skuldrene av gårdsdagens. I Norge har me alltid levd av havet – det skal me også gjera i framtida. Få veit dette betre enn de som er her – de er jo for lengst i gang.
- Eg såg ein slide der det står at i desember 2015 var 53% av verfta sin aktivitet knytt til offshore – i desember 2016, altså eitt år seinare, var dette redusert til 22%. Dette er ikkje bare nedgang – dette er også nye muligheiter.
- Meir klimavenlege skip – nyleg fekk Ulstein kontrakten med Color Line om å bygga verdens største hybridferje
 - Europa sette ny rekord i fjor i utbygging av havvind:
 - Kanskje er ikkje dette ennå for straumproduksjon i Norge, men det gir markedsmuligheitar i leverandørindustrien. Noko som allereie har medført stor industriell aktivitet på Eldøyane Næringspark i min heimkommune Stord.
 - Ulstein har også kontrakt på servicefartøy til offshore vind – noko som dei også har levert fleire av tidlegare
 - Vard Aukra er eit av mange verft som flyttar aktivitet frå offshore til havbruk
 - Aker og Kongsberg nyttar sin offshore kompetanse inn i havbruk når dei jobbar med offshore merar som kan gi oss meir miljøvennlig oppdrett

- Gruvedrift har også flytta seg til havbotnen – Kleven har levert eit skip, etter Marin Teknikk på Herøy sitt design.

Aktiviteten i havromet er avgjerande for norsk økonomi – og me vil gira opp:

- Olje og gass blir viktig i Norge for lang tid framover:
 - Ta som eit eksempel Korpfjell-prospektet i Barentshavet – med eit snittestimat på 2,2 mrd fat
 - Det har blitt skapt mykje debatt av Arbeiderpartiet sitt programforslag, der me vil opna Nordland VI for konsekvensutgreiing, men utsetja Nordland VII og Troms II til gjennomgangen av forsvaltningsplanane.
Oljedirektoratet anslo i 2010 at det var om lag 800 millionar fat oljeekvivalentar i områda me vil utsetja. Det er under 1/3 av Johan Sverdrup-feltet.
 - Olje og gass-næringa si framtid blir ikkje avgjort av Nordland VII og Troms II – og eg vil minna om at det i denne perioden ikkje har skjedd noko for å opna desse felta..

- Me vil også ta initiativ til ny næring i Nordsjøen: Me vil undersøka om det er mogleg å etablere eit europeisk sentrallager for CO2
 - Vår verdsleiande kompetanse og eksisterande infrastruktur - kan bli eit industrieventyr – og kan innebera viktig bidrag til klimaløsningar

- Me vil også utforska nye artar:
 - Det er stort potensiale i å hausta lenger ned i næringskjeda – men skal me utløysa det, så må me satsa på kunnskap – me må ha kunnskapen til å forvalta dette på ein bærekraftig måte:
 - Mesopelagisk fisk:... 200 til 1000 meter under havoverflata. Det finnest truleg 10 milliardar tonn mesopelagisk fisk i verdenshava – Det er 100 gonger meir enn mengda av villfisk som blir hausta kvart år. Og for få år sidan trudde me at det bare var 1 milliard¹
 - Dette er fisk frå nokre få cm opp til 15 cm. Me har aldri kome lengre enn til forsøksstadiet.. Men nå: Viss oppdrettsnæringa skal veksa, så trengst tilgang på bærekraftig fôr, verda treng proteinar...» – me skal altså ikkje leggja fileten av desse småfiskane på skiva vår, men dette er råstoff som kan bearbeidast.
 - 4 millionar tonn fisk i norske farvatn - til samanlikning haustar me kvart år 2,4 millionar tonn med villfisk.
 - For å utnytta desse mulighetane, må me satsa strategisk. Me må satsa på kunnskap. Me må samarbeida meir på tvers av sektorar – som olje og gass, fornybar energi, havbruk og fiskeri – slik at den verdsleiande kompetansen og teknologien vår kan tas i bruk på nye områder. Vi må skapa eit tettere samarbeid mellom næringsliv, utdanning, forskning og myndighetene som gjør at vi kan gripe mulighetane raskare.
-

HAVROMSPOLITIKKEN til AP går langs 5 stolpar. Då må me:

- Samordna forskningsinnsatsen på havet og på ressursane i havet
- Etablera eit verdiskapingsprogram for havet
- Bygga ut relevant forskningsinfrastruktur som blant anna Ocean Space Senter
- Sikra god og effektiv maritim infrastruktur
- Ta leiarskap internasjonalt for samarbeid om havets helse

Det som er felles for alle er at me trur på ein meir aktiv offentleg politikk:

- I næringspolitikken vil me satsa på næringar der Norge har spesielle forutsetningar for å lukkast – og som kan auka eksporten.
- Me vil føra ein aktiv næringspolitikk, der det offentlege går foran.
- La meg nemna nokre eksempel på det:
- I nærskipsfartsstrategien frå 2013 føreslo me å oppretta ei støtteordning for å overføre meir gods til sjø. Etter lang tid kom det noko i regjeringa sitt forslag til budsjett nå for 2017, men det var lite, bare 30 millionar kroner, og det kjem altså seint.
- Her plussa Arbeidarpartiet på med 53 millionar i vårt alternative budsjett, og me ville, som dei maritime aktørane sterkt tilrådde, at denne støtta meir skulle innrettast mot vareeigarane, for at ein skulle få den ønska effekten, auka overføring av gods frå veg til sjø.

Me kan heller ikkje forventa store investeringar frå næringa sjølv, utan at me politikarar legg til rette for nødvendig infrastruktur. Me har foreslått meir til infrastruktur langs kysten – ikkje minst til

landstraum og i programforslaget som blir behandla av landsstyret vårt i dag vil me leggja til rette for LNG.

- Nå kjem snart Nasjonal Transportplan, og det blir då spennande å sjå kva som blir foreslått der for dei komande 12 åra. For Regjeringa har ikkje levert til kysten i denne perioden:
- For ved kvar budsjetthandling i denne stortingsperioden har Arbeidarpartiet i sine alternative framlegg hatt meir pengar til samferdselsføremål enn det regjeringa har hatt.
- På fleire felt er det ei rekke prosjekt som har lege inne i gjeldande NTP sine handlingsprogram for perioden 2014-2017 som med regjeringa sitt budsjettframlegg ikkje vil bli gjennomført som planlagt:
- Me treng å forbedra hamnene våre – derfor vil me i programforslaget som nyleg er lagt fram både «Utrede hvordan vi kan sikre effektiv utnyttelse av norsk havnekapasitet» og me slår fast at me skal «Ha en sterk tilskuddsordning for investeringer i havner»
- Det offentlege har ei viktig rolle å spela i teknologiskift: Å bidra til å bygga eit marked tidleg- mens risikoen for bedriftene framleis er svært høg. Derfor sørga me i regjering for å leggja vekt på miljø og me sette krav om lågutsleppsteknologi ved kontrahering av riksvegferjer. Dette førte fram til at den første el-ferje i verda, Ampere, blei utvikla og [bygd i aluminium av Fjellstrand i Omastrand](#) i Hordaland. I vårt alternative budsjett for 2017 har me sett av 100 millionar til eit program for å elektrifisera fleire ferjestrekningar. - Dette vil kunna skapa aktivitet for norske verft og få ned utsleppa.

- I denne perioden har me også styrka Miljøteknologiordninga med 1 milliard over 4 år.

- Me har dessutan lytta til NHO og bransjane sjølv, og foreslått eit CO2-fond for transport i næringslivet, etter modell av det vellukka NOx-fondet. Her vil me også vurderer deltaking frå skip og fiskebåtar. NOx-fondet har redusert NOx-utsleppa ved at bransjane har betalt NOx-avgift til fondet i staden for til staten – og så har desse midlane blitt brukte på tiltak for å redusera NOx-utsleppa.

- POLITISK LEIING BETYR NOKO: Eg synest i alle fall at det var feil å leggja ned Fiskeri- og kystdepartementet. Fisk gjekk då til Næringsdepartementet og Kystsakene til Samferdselsdepartementet.. Eg veit ikkje så mykje om koss det har gått med fisken etter at han blei flytta til Næringsdepartementet, men som medlem i Stortinget sin transportkomite, er det i alle fall mi klare oppfatning at Kysten ikkje blitt prioritert i Samferdselsdepartementet.
- Eit hovudargument for flyttinga var at alle transportetatane då satt ved det same bordet, men det hjelper lite viss du blir sitjande nederst ved bordet, eller at du havnar under bordet.

-

-

-

-

- Derfor betyr det også noko når Jonas Gahr Støre seier at havromspolitikken i ein første omgang skal leiast av statsministeren.
- Og eg er jo av dei som både trur og håpar på at me utpå hausten har Jonas Gahr Støre som statsminister, og skulle det slå til, så har me altså frå hausten av også ein statsminister som vil sjå politikkområda som gjeld havet i samanheng, og som altså vil leia det sjølv, fordi han meiner at dette er ei satsing som vil krevja tydeleg politisk leiing.
- Historia har vist at når me i Norge løftar saman så når me måla me set oss. Det gjeld denne gongen også. Me lukkast når politikk, partane og forskinga dreg saman.

Takk for meg og lukka til vidare med konferansen.